

# LOVER FOR LYE FORSAMLINGSHUS



## A) FØREMÅL

- §1 Føremålet med huset er å samle folk til beste for arbeidet i Guds rike. Visjonen for Lye Forsamlingshus lyder slik: "Vi ønskjer at alle på Lye må bli betre kjende med Jesus Kristus." Alle lag og organisasjonar som byggjer på Guds ord og den evangelisk lutherske vedkjenninga, og som soknar til Lye forsamlingshus, har rett til å nytta huset.
- §2 Kristelege samfunn og lag som ikkje vedkjenner seg den evangelisk- lutherske læra, men som står på evangelisk grunn, kan få leiga huset til einskilde møte. Huset kan og nyttast til andre samfunnsgagnlege føremål og til private samkome. Programma for slike samkomer må ikkje vera i strid med huset sitt føremål. Aktivitetar på huset må ikkje vere i strid med føremålet i paragraf 1. Nyting av alkohol eller bruk av andre rusmiddel, er ikkje tillate i huset.

## B) ÅRSMØTE

- §3 Mandat og stemmerett
- Årsmøtet er husets øvste organ.
  - Stemmerett på årsmøtet har alle truande i forsamlingshuskrinsen som har fylt 16 år, og som står på den evangelisk lutherske vedkjenningssgrunn, og som tek del i det arbeidet som vert drive i huset.
- §4 Årsmøtesaker
- Årsmøtet handsamar årsmeldingar, reviderte rekneskap og andre aktuelle saker, samt gjennomfører naudsynte val av styre, revisor og valkomité.
  - Saker som ein ønskjer å ta opp på årsmøtet må vera sendt til husstyret seinast 14 dagar før årsmøtet.
  - Forslag til endring av lovane må vere innsendt til husstyret minst tre (3) månader før årsmøtet.
- §5 Innkalling
- Årsmøtet for huset skal kvart år vera halde før utgangen av mars månad.
  - Dato for årsmøtet skal gjerast kjent minst ein månad før. Endeleg sakliste skal kunngjerast seinast ei veke før årsmøtet.
- §6 Ekstraordinært årsmøte
- Ekstraordinært årsmøte kan haldast når anten
    - to styremedlemmer i husstyret krev det
    - to styremedlemmer i forsamlingsstyret krev det
    - 1/3 på ordinært årsmøte krev det.

- b) Innkalling av ekstraordinært årsmøte skal kunngjerast minst ein månad før.

## **C) HUSSTYRET**

### §7 Styret si samansetjing

- a) Husstyret består av 7 medlemmer med personlege varamenn. Desse organisasjonane vel eit medlem kvar: Time Kristelege Ungdomslag<sup>1</sup>, Normisjon<sup>2</sup>, Norsk Luthersk Misjonssamband, Indremisjonsforbundet<sup>3</sup>, Det Norske Misjonsselskap og Time sokneråd. Årsmøtet vel den sjuande representanten, og så langt det er mogleg bør denne representera dei andre brukarane av huset.
- b) Dersom nokon av eigarorganisasjonane ikkje har valt representant, kan årsmøtet velja andre medlemmer til styret.
- c) Styremedlemmene skal veljast for to år av gongen.
- d) Styret for huset vel sjølv leiar, sekretær og kasserar. Leiaren har dobbelstemme ved likt stemmetal. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av dei valde styremedlemmene møter.

### §8 Husstyret sine oppgåver

- a) Husstyret skal:
  - Sjå til at Lye forsamlingshus vert nytta i samsvar med lovane.
  - Sørge for at huset blir reingjort, vedlikehalde og oppgradert ved behov.
  - Sørge for at det vert halde årsmøte til rett tid.
- b) Leiaren kallar inn til styremøte når han ser det nødvendig eller når eit av styremedlemmene ønskjer det.

## **D) FORSAMLINGSSTYRET**

### §9 Styret si samansetjing

- a) Forsamlingsstyret skal ha 3-5 medlemmer og 1-2 varamedlemmer, valt av årsmøtet for ein periode på to år. Årsmøtet vel leiar.
- b) Samanhengande funksjonstid kan ikkje overskride seks (6) år, men ein kan attveljast etter eitt (1) år utanfor styret.
- c) Leiar i husstyret har møterett.

### §10 Forsamlingsstyret sine oppgåver

- a) Forsamlingsstyret leier og fører tilsyn med fellesarbeidet ved Lye forsamlingshus.
- b) Forsamlingsstyret sine oppgåver er til ei kvar tid nedfelt i instruks godkjend av årsmøtet.

---

<sup>1</sup> Time Kristelege Ungdomslag var tilslutta Noregs KFUK-KFUM.

<sup>2</sup> Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap er slått saman med Santalmisjonen og har endra namn til Normisjon.

<sup>3</sup> Det Vestlandske Indremisjonsforbund har endra namn til Indremisjonsforbundet.

**E) OPPLØYSING**

- §11 Eigarar av Forsamlingshuset på Lyefjell er: Time Kristelege Ungdomslag<sup>1</sup>, Normisjon<sup>2</sup>, Norsk Luthersk Misjonssamband, Indremisjonsforbundet<sup>3</sup>, Det Norske Misjonsselskap og Time sokneråd. Eigarforholdet er delt likt mellom desse. Ved eit eventuelt økonomisk oppgjær, skal Time Kristelege Ungdomslag først ha dekning for tomt og den kapital dei gjekk inn med i huset (14 % av totalverdien).
- §12 Ein eller fleire av eigarane kan trekkja seg ut av samarbeidet etter eige ønske. I så fall kan dei ikkje ta med seg nokon del av verdien av huset.

**F) LOVENDRING**

- §13 Desse lovane kan berre endrast i eit ordinært årsmøte. Lovendringsforslag skal kunngjerast minst ein månad før årsmøtet. For å verta vedteke må forslaget få minst 3/4 fleirtal.
- §14 Paragraf 7a), paragraf 11 og paragraf 14 kan ikkje endrast.

---

*Lover for Lye forsamlingshus blei vedteke første gong 13. januar 1989, og revidert på årsmøtet 9. februar 1994 på eit punkt: Paragraf 6 når det gjeld valperioden for Husstyret. Valperioden blei då endra frå tre til to år. På årsmøtet 27. februar 2002 blei nye lover vedteke. På årsmøtet 3. mars 2014 blei desse lovene reviderte.*

---

---

<sup>1</sup> Time Kristelege Ungdomslag var tilslutta Noregs KFUK-KFUM.

<sup>2</sup> Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap er slått saman med Santalmisjonen og har endra namn til Normisjon.

<sup>3</sup> Det Vestlandske Indremisjonsforbund har endra namn til Indremisjonsforbundet.